




BOKN BYGDABLAD

Nr 9 November 2004 - Årg. 19

www.bygdabladet.no



Slutt – s. 3



Naturopplevingar – s. 4



Heider – s. 6



Bokn
kommune

Kusymre
kommuneblom i Bokn





RDFØRAREN RDET

Budsjett 2005

Rådmannen har lagt fram budsjettet for 2005. Det ber preg av maksimale inntekter og minimale utgifter. Det vil nok merkast at enkelte tenestar ikkje blir like gode som før og nokre tilbud kan også bli tatt heilt vekk. Den endelege politiske behandlinga vil til sist avgjere kva som eventuelt skal leggst ned, men rådmannen foreslår å legge ned Bygdabladet og sommarjobb for ungdomen i tillegg til nokre reduserte tenester.

Det er sterk utgiftsvekst, i stor grad lønn og pensjonskostnader, og svak vekst i inntektene, som omlegging av inntektssystemet, mindre skatt og generelt for små overføringer til utvida tenestar som kommunane må gi, som gir ein vanskelig situasjon for neste år.

Det blir nå jobba mot Kommunaldepartementet og Fylkesmannen for å sikre at me får inntekter til bl.a. momskompensasjon, ressurskrevande brukarar og ein ressurskrevande situasjon på skulen. Skulle dette mislukkast står me ovanfor ein endå vanskeligare situasjon. Eg trur og at regjeringa har lagt inn litt ekstra overføring til kommunane gjennom budsjettforhandlingane på Stortinget.

Kommunestyret skal endeleg behandle budsjettet 14/12, og eg skal komme tilbake med meir informasjon etter det.

Kommunestrukturdebatten går for så vidt vidare utan at dei store tinga skjer. Det er meininga at kommunane skal få fleire forslag til organisering ut på høyring. Det har ikkje skjedd endå og me avventar det. Samstundes ser Bokn og Tysvær på å lage ei sak om konsekvensutredning om samanslåing av dei to kommunane. Eg trur dette bør gjerast for å få vita kva konsekvensane kan bli, både fordeler og ulemper, ved ein eventuell samanslåing.

Me får då noko konkret me kan ta stilling til for å danna oss eit bilde om det vil var rett eller galt for Boknasamfunnet å vurdere ein kommunesamanslåing nå. Ein vil og ligge i forkant av prosessen og utviklinga med sterke

krefter som vil ha kommunesamanslåingar i Norge, om nødvendig med tvang.

Dette betyr ikkje at ein seier ja til nokon samanslåing. Det vil bli ein eventuell folkeavstemming som vil avgjer det. Sak om konsekvensutredning vil sannsynligvis komma opp til behandling i kommunestyre etter nyttår.

Knarholmen

Det har i den seinare tid vore fleire kontaktar med mulige etablerarar i Knarholmen. Formannskapet har vedtatt å leige delar av bygget ut til Grieg Seafood Rogaland AS, som vil bruke delar av anlegget til kontor og base for verksemda si på Bokn.

Kommunen har og gitt tilbud til Johannes Handeland om kjøp av tomt i næringsområdet til kontor og produksjonsbygg, og det er å håpa at denne etableringa kjem på plass.

Det har og vore i kontakt med interessentar som ser på området nord i fiskerihamna. For å få mulighet for etablering her vil kommunen nå sjå på ein omregulering av området heilt nord i hamna frå fiskeindustri til meir generell næringsverksemd. I dagens Norge er det svært vanskeleg å sjå for seg ei etablering innan fiskeindustri, og me kan ikkje la området ligge uvirksomt viss det kan nyttast til anna formål.

Vegnett

Kommunestyret har med 11 mot 5 røyster gått inn for foreslått utbygging og finansiering av vegnettet på Haugalandet. Forslaget inneber store utbyggingar av vegar finansierte med bompengar og nokre statlige midlar. For Bokn sin del dreier det seg om utbedringar på fylkesvegane, og så har me spelt inn tiltak på E39 på Ognøy og kryssa på Austre og Vestre Bokn. Tiltaka på E39 er avhengig om det blir bomstasjon på E39 ved Våg i Tysvær eller ikkje.

Sjølvsagt er det ingen som ønsker bomstasjonar, men for å realisere heilt nødvendige vegutbyggingar på Haugalandet er bompengar eit nødvendig onde.

Svein Ove

Bokn Bygdablad blir nedlagt?

Jardar Havikbotn

Rådmannen foreslår i budsjettforslaget for 2005 at Bygdabladet blir lagt ned frå 1. januar.

Han inviterer i alle fall til ein diskusjon, for han er ikkje sikker på om politikarane og innbyggjarane i Bokn er samde i dette, og då peikar han på, i ein kommentar til Bygdabladet - at Bokn Bygdablad framstår som eit flott informasjonsblad for Bokn kommune.

Forslaget er på bakgrunn av den oppståtte budsjett-situasjonen, men også for å få frigjort meir tid for sekjonssjef kultur til å jobba med kultursaker i kommunen.

Tredje gong

Bygdabladet har blitt evaluert to gonger før, i samband med å spara pengar i kommunen sitt driftsbudsjett. Siste gong var i Formannskapet i juni 2001, etter at ei gruppe hadde vurdert drifta av bladet. Gruppa vurderte færre nr. i året, eigne infosider i

Tysvær Bygdeblad samt ei alt. inforutsending frå kommunen (rundskrivsform).

Formannskapet styrka den gongen det som me tilsette har god grunn til å tru; at både fastbuande og utflytta boknarar set stor pris på bladet, som m.a. vernar og styrkar samholdet, identiteten og den lokale kulturarven til Bokn - samt at det er eit vindaug utad frå kommunen. Politikarane sa då at dei ikkje ville endra på utgiving eller form, for å oppretthalda det fine tilbodet.

Eit paradoks er det at me held på å forbereda 20 års jubiléet til bladet, noko som for lesarane ikkje blir vanskeleg å sjå i januar 2005, men får dei sjå det?



Ordet fritt

www.bygdabladet.no

Kort tid etter publiseringa av artikkelen over (09.11) sette Birger Lindanger ord på det som fleire lesarar har gitt uttrykk for til meg dei siste vekene.

- redaktøren -

Noregs mest populære bygdablad i fare!

Bygdabladet må vera Noregs mest populære bygdablad – i forhold til folketalet.

Med eit abonnenttal på 600 er det mest ufatteleg ettertrakta! Det svarar til at 77% av Bokns befolkning – gammal og ung – held dette bladet. Men sjølv sagt dekkjer dette ikkje bare den innanlandske marknaden, dit går bare kring helvta av salet. Resten går altså til "utvandra" boknarar! Det vil seia at Bygdabladet for utrueleg mange er ei bru heim.

Kva inneber så eit opplag på 600? Me må rekna med at det ikkje bare er mottakaren som les bladet. Normalt vil både fem og seks personar dra det fram og kikka i det. Det vil seia at bladet har innpå 3000 lesarar!! Når bladet kjem i posten, blir alt anna lagt til sides. Få andre trykksaker blir til dei grader finlest frå perm til perm.

Og det er ikkje småtteri til boknastoff som blir formidla. I eit gjennomsnitt år dreier det seg om kring 250 sider! Kva gullgruve vil ikkje det også bli for komande generasjonar som ynskjer å få eit innblikk i Bokn anno 2004.

Dette er ikkje alt! I tillegg har Bygdabladet ein framifrå nettversjon som blir lest tusen gonger dagleg!! Dei som les, er ikkje bare folk på øyane. Jorda rundt les dei bygdebladet! Tusen treff dagleg svarar i løpet av ein tiårsperiode til mest heile Noregs befolkning!

Eit mål for popularitet, er også dei som brukar gallupen på heimesida! Førre gallupen var det opp

mot 4000 (!) som røysta. På den nåverande har 1300 røysta. Tilsvarande er ein sjeldan over hundre i Tysvær Bygdeblad. Alt dette vitnar om at Bygdabladet ikkje bare orienterar og formidlar langt ut over kommunegrensene, bladet skapar òg eit sjeldan engasjement.

Bygdabladet er også langt på veg eit resultat av ein stor dugnadsinnsats. Frå kommunen si side går ein "bare" inn med ein 40% stilling for å halda bladet gåande. Tilsvarande blader andre stader krev både ein og to stillingar for å haldast i gang.

For oss som er flytta ut, er Bygdabladet med og gjer kommunen mykje større. For mitt vedkomande når Bokn slik sett heilt til Hinna! Det fyrste eg gjer om morgonane, er å opna nettutgåva for å lesa nytt frå "heimlandet". Den morgonen eg opna nettbladet og las at det var tankar om å leggja det ned, var ingen god morgon.

Og kva sparar ein? Når det gjeld sjølve drifta, går ho om lag i balanse! Det er altså dette at kommunalt tilsette til saman brukar eit 40% årsverk på å halda henne gåande. Eg vågar den påstanden at det er lite anna som gjer så mykje att for kvar investert krone i trivsel, identitet og marknadsføring som bladet vårt. Eit par sider boknastoff i Tysvær Bygdeblad blir eit skralt alternativ!

Når eg opnar Bygdabladet si nettutgåve i morgon tidleg, reknar eg med eit solid dementi: "Nokon i administrasjonen har lese feil i kalenderen. Dei trudde det var 1.april."

Birger Lindanger

Naturopplevingar i auditoriet

Reidar Alvestad

Med Vamp sin song Tir n'a Noir som opningsallsong kom eit publikum på rundt 60 inn i ei fin stemning som opptakt til Bokn mållag sin kulturkveld den 2. november, der naturfotografen Ole Jakob Vorraa skulle fortelja og syna bilder frå Bokn og Haugalandet sin natur og fauna.

Auditoriet på skulen var ypperleg til dette føremålet, der både bilder og Vorraa si framføring fekk ein fin presentasjon.

Forventningar

Mållaget var spent på om det i det heile ville koma særleg mykje folk, sjølv om ein visste at ein del speidarar var inviterte. Det viste seg raskt at mange hadde merka seg namnet Ole Jakob Vorraa, og det strøymde faktisk på med meir folk enn forventa. Vorraa sin medverknad i fjernsyn og andre medier har nok folk lagt merke til, og truleg fekk dei fleste innfridd forventningane dei hadde for kvelden og vel så det.



Mange var interesserte i å høyra og sjå Ole Jakob Vorraa sitt foredrag og lysbildeframsyning frå Bokn og Haugalandet. Ole Jakob Vorraa framme til høgre.

Bokn og Haugalandet

I første bolken vandra foredragshaldaren rundt på øyane i Bokn. Fine bilder frå Hatleberget og andre stader i nora og søra Våga synte at det er mange sjeldne og særmerkte naturområde her. Varmekjære trær som hassel og eik fins fleire stader på Bokn, og seier litt om at her på øyane har me den høgaste middeltemperaturen i landet gjennom året. I nokre av dei vestvende liene veks lauvskogen med hassel nederst og osp øverst. På Gunnarstad veks det også lindetrær i tillegg til andre varmekjære treslag. Tidlegare var dei vestvende skråningane snaue med berg og urer, nå står dei frodige, ofte med ein tett undervegetasjon av ulik slag som bergflette, ramsløk og andre planteslag.

Sjeldne planter

Ole Jakob Vorraa har ferdast mykje rundt på Bokn og elles på Haugalandet, og er godt kjend. Berre i Bokn har han oppdaga fleire sjeldne planteslag som ikkje er funne i nabokommunane. Til dømes i lia sør for byggefeltet på Austre Bokn. I dette vestvende og

solrike området er stein og ur mellom den gode jorda med på å auka temperaturen slik at det blir tett vegetasjon av varmekjære vekster. Hassel og ask er dominerande med ein tett undervegetasjon av




Skogfredløs

ramsløk. Her oppdaga Ole Jakob Vorraa for nokre år sidan planteslaget **skogfredløs**, som han meiner verken er funne i Karmøy eller Tysvær. På Vatnaland har han funne ein sjelden plante som heiter **sommarvikke** som høyrer til erteblomfamilien. Denne planten er heller ikkje funne ellers rundt i dei næraste kommunane. Også i Våga ved Våga-tjørna har Ole Jakob Vorraa oppdaga ein spesiell plante som heiter **tiggarsoleie**. Denne har svært små kronblad, og er giftig.

Vatn

Bokn har mange vatn, og fleire er gode aurevatn. Ved mange vatn fins det også eit rikt dyre- og særleg fugleliv. Det kan t.d. nemnast at Vågatjørna truleg var den første og eldste lokaliseringsstaden for den svanebestanden som nå fins på ytre Haugaland-



Ole Jakob Vorraa legg mykje vekt på ei levande framføring Han er ekspert i å få fram dyre- og fuglelydar.

det. Elles fins det mange typer ender i og ved dei fleste vatna.

I ei tjørn på Håland veks det litt sjeldne strået **dunkjevle**.

I området ved Arsvatnet held det seg ein del higrar. Ole Jakob Vorraa har tidlegare fotografert ein del i dette området, og studert higran sin måte å leva på.



Higre i strandkanten ved Arsvatnet.

Hjort

Hjorten har stor utbreiing i Bokn, og i visse område er han ein hyppig gjest. Folk flest som kjører på vegen mellom Håland og Vatnaland kan ofte få auga på større eller mindre flokkar av dette dyret. Slik var det også med Ole Jakob Vorraa då han i skogkanten mellom Håland og Vatnaland oppdaga tre hjortar. Det er ofte slike mindre flokkar ein ser, men det kan også forekoma flokkar med 8–10 hjortar i lag.



Her mellom Håland og Vatnaland syner hjorten seg ofte.

Heiane

Ole Jakob Vorraa har gått øyane på Bokn på kryss og tvers. Han oppdagar ofte det me andre ikkje ser. Ikkje berre fuglar, dyr og planteliv, men også natur og landskapsform. Karmøyheiane er eit begrep og er godt kjende som fine turområde. Ole Jakob Vorraa hevdar likevel at heiane på Bokn-øyane er finast. Han nemner lyncheyar på Jøsen, austsida av Austre Bokn og Ognøy som eksempel. Dei har alle sitt særpreg. Han nemner likevel dette med at det gror mykje til med rogn, bjørk og brake rundt omkring. Når ein brenn av, veks det ofte opp tett i tett med bregne-sorten einstape eller "ystabø" som er det lokale namnet på veksten. Denne konkurrerer ut andre planteslag, men det skal nå vera kome eit middel som kan ta knekken på planten.

Det sosiale samværet

Arrangøren i lag med speidaren hadde førebudd seg med heimebakst, rundstykke, kaffi og brus som fekk uventa god omsetnad i pausen. Det var ikkje akkurat venta så mykje publikum, men kaffikokinga gjekk på

høgste gir, og alle fekk både vått og tørt til slutt. Det var også tid til ein drøs med kjensfolk før neste bolk med Ole Jakob Vorraa starta opp. Venevil hadde godt tak på kvelden, både i opninga og vidare utover. Ikkje minst trakterte ho pianoet og tonefylgjet til allsongane.



Ein god drøs rundt kaffikoppen er ikkje å forakta.

Haugalandet

Ole Jakob Vorraa har spesialisert seg på natur, fugle- og dyreliv, og har gjennomført mange ulike prosjekt innafor desse områda. Han har gitt ut bøker, vore med og laga TV-program og har utført ulike prosjekt og undersøkingar når det gjeld forekomst av ulike fugle- og dyrebestandar. Han er difor ein etterspurd foredragshaldar. Ikkje berre er han fagleg dyktig og interessant person, men har også lært seg å lokka på dyr og fuglar. Såleis får han mykje informasjon om det "indre liv" hos dyr og fuglar. Det er ei oppleving å høyra han, ikkje minst når han varierer framstillinga si med ulike dyre- og fuglelydar. Ikkje alle ville hatt tålmod til å opphalda seg i dagevis i kamuflasjetelt for å få ta nokre få bilete av dyr og fuglar frå nært hald som desse entusiastane.

Haugalandet har eit stort mangfald av naturtyper og fugle- og dyreliv. Ole Jakob Vorrå nemner dei skiftande naturtypene med døme som sandstrendene vest på Karmøy, heilandskapet innafor og fjellområda innover mot Etne og Sauda. Her i fjellområda finn ein rype og reinsdyr som er nøye tilpasse det barske og skiftande klimaet på fjellet. Her lever det fugle og dyreslag på grensa til å overleva vintersdag kor dei må grava seg gjennom snøen for å finna litt næring så dei akkurat overlever til snøen smeltar. Ole Jakob Vorraa har vore med på eit lengre prosjekt når det gjeld forekomst av mår, og gitt ut bok om dette.

Kyststripa med øyar, holmar og skjær kan også virka grå og ugjestmild vinterstid med skiftande stemningar frå storm til stilla. Sommarstid heilt annleis med eit fargerikt skjær som på Ferkingstadøyane mellom Karmøy og Utsira kor strandnelliken fargar øyane rosa. Fuglane kjem til desse øyane med våren for å hekka. Det startar med skarv først i mars, havhest midt i månaden, teist etterpå, og lundefugl (havpapegøye) i april.

Ei oppfordring frå Ole Jakob Vorraa til slutt om å ta vare på naturen var det nok mange som samtykte i, før Arne Garborgs "Vesle lerka" som allsong avslutta kulturkvelden.

Fotballtrenarar heidra

Jardar Havikbotn

Dei som gjer organisert fotball i aldersbestemte klassar mogleg i Bokn fekk heider under Fotballavslutninga 18. november.

Bokn idrettslag sitt klubbhus var fullt opp med unge fotballentusiastar, foreldre og sysken då sesongslutten blei markert med premieutdeling, kakao, vafler og bingo.



HEIDER: fv. Gunn Hognaland, Linda Beate Sørdal, Artur Trosnavåg, Arild Nilssen og Louis Medhaug. Kjetil Hamre var ikkje til stades då bildet blei tatt.

Etter at 31 spelarar fortent hadde mottatt diplomar og statuettar delte Åse Bratthammer ut, på vegne av foreldra, fotballteikneseriar i bokform ("Pondus") til

trenarane. Foreldrerepresentanten gav uttrykk for stor takksemd over arbeidet dei legg ned for at dei unge skal få halda på med verdas mest populære fritidsaktivitet.

Trenarane hadde også sett fram eit lag-forslag for kommande sesong, eit resultat frå eit møte om fotballframtida i Bokn tidlegare i haust. Artur Trosnavåg fortel til Bygdabladet at ingen hadde merknader til oppsettet, som då blir dette:

**2. og 3. klasse
4. og 5. klasse
6., 7. og 8. klasse
5. og 6. kl. jenter**


Vil ha stabile lag

Tendensen har lenge vore at klassetrinn blir slått saman for å kunne danna lag. Trenargruppa trur at dei unge lettare vil halda på med sporten gjennom ungdomsskulen når dei same klassane fylgjer kvarandre oppover. Erfaringar har vist at mykje bytting på laga fører til at enkelte sluttar, og som kjent må interesserte ungdomsskuleelevar i dag til Falkeid for å spela fotball.

- Me "hoppa over" 1. klasse anna kvart år, slik at 1. og 2. klasse dannar eit lag for sesongen 2006. Slik sikrar me stabile lag i framtida, opplyser Artur.

Styreformann, Cliff Olaussen, seier i ein kommentar at Idrettslaget for tida jobbar med å også gi årets 1. klassingar eit tilbod innan denne idretten.


La oss håpa at både dei aktive og foreldra blir nøgde med det som verkar som ei enkel og smart ordning.



2. og 3. klasse:

Bak fv. Tommy Kjellesvik, Konrad Nilssen, Niklas Kjellesvik, Ruben Våga, Tonje K. Medhaug, Lisbeth Skjelde.

Framme fv. Andrea H. Fostenes, Faltin Våge, Jone Hognaland, Mats Våge, Joar K. Øvrebø og Simen Havikbotn. Henriette K. Jøsang var ikkje til stades då bildet blei tatt.



4. og 5. klasse:

Bak fv. Oddrun Grønnestad, Ida G. Schmeichler, Sandra Jøsang, Celina Bokneberg, Kristian Nilssen.

Framme fv. Harald Trosnavåg, Kaj Raymond Mikkelsen, Stian B. Høyland, Andreas Våge, Roar K. Medhaug og Oddgeir Hognaland. Remi André Jøsang og Charlotte Olaussen var ikkje til stades då bildet blei tatt.



Trenar igjen

Jardar Havikbotn

Leif Kjellesvik (bildet) har starta som fotballtrenar att etter 20 års pause.

4. november byrja andre- og tredjeklassingane oppkøringa til fotballeseongen 2005. Laget skal trene kvar torsdag i gymsalen i haust og til vinteren, heilt til grasbanen er klar att til våren.

Den nye hovudtrenaren, Leif Kjellesvik, er ikkje tilhengar av at fotballen skal leggest heilt død i Bokn etter serieslutt om hausten, slik som tradisjonen lenge har vore.

- Det er kjekt å bidra til at ungane også kan møtast vinteren gjennom, for å ha det gøy og dessutan få trim i tillegg.

Det var på eit møte om kommande sesong og framtidsutsikter for fotballen i Bokn at 39 åringen stilte seg til disposisjon for Idrettslaget. Den tidlegare A-lags spelaren på Bokn-laget, som også har sønene Tommy og Niklas i stallen, kan sjå tilbake på tre år som trenar. Trass i at Leif ikkje er så gammal er det faktisk 20 år sidan han byrja, etter å ha tatt trenar- og dommarkurs i regi av Norges fotballforbund.

Den gongen oppnådde han svært gode resultat med laget sitt, då dei vann serien og med det blei kretsmeisterar i sin klasse. Eit år deltok dei også i Norway Cup i Oslo.

Målet til Leif dreier seg om stikkorda kondisjon og struktur.

- Dette er ein entusiastisk og svært fotballinteressert gjeng med mange talent. Utfordringa blir å få dei til å tenka lag, men det er viktig at det ikkje skal vera "alvor" og for mykje fokus på det tekniske, og at det skal bera preg av lek, fortel ein ivrig byggeleiar ved Saga Bygg i Haugesund.

Laget er påmeldt i 8+, og med tanke på at same gjengen i år også har vore med i den klassen, har



Leif Kjellesvik og hjelpetrenar Gunn Hognaland i aksjon på den første innetreninga 4. november.

gruppa allerede gode forutsetningar for å hevda seg betre mot motstandarane enn dei har gjort i den nyleg avslutta serien.


Det vil alltid pågå diskusjonar på kor vidt det er "sunt" å tapa eller vinna mykje, men Leif er opptatt av at dei i alle fall bør kunne spela jevnt med motstandarane, så får resultatata koma naturleg.

Her er det kondisjonen kjem inn, noko som ein lett ser er på plass dei siste 10-15 minuttane av ein fotballkamp.

Gunn Hognaland, som har fulgt laget ei stund no, er hjelpetrenar. Ho har også trenar- og dommarkurs, og har tidlegare jobba både som trenar og dommar i Falkeid idrettslag.

Alt skulle ligga til rette for mykje gøy på fotballbanen framover, både med dette laget og dei andre fotballaga i Bokn.

Bygdabladet vil fylgja med dykk og ynskjer lukke til!



6., 7. og 8. klasse:

Fv. Vilhelm Våge, Vidar Øvrebø, Marius Sunde, Martin Trosnavåg, Kristoffer Nilssen, Alexander A. Hansen, Øyvind B. Lanhelle og Wolfgang B. Ognøy.

Patrick og Christoffer Løfgren var ikkje til stades då bildet blei tatt.



Dansen går lystig blant dei unge på Sjonar

Reidar Alvestad

Hegren sportsdanseklubb

5 unge gutar og 6 jenter frå Bokn er med i Hegren Sportsdanseklubb som held til på Sjonar. Det er Torny Rossebø, mor til Sofie som er danseelev i klubben, som fortel dette til Bygdabladet. Dei unge elevane går på dansetrening på tirsdagar mellom kl. 17 og 18, og nokre kan få halv times individuell trening i tillegg. Torny seier at ungane trivs i miljøet, noko som interessa og engasjementet viser.

Sjonar er Kvinnesland frilynde ungdomslag sitt hus som ligg på venstre side ved avkjøringa frå E 39 til Slåttevik og Tysværvåg når du kjem frå Bokn. Sportsdans er rekna som ein idrett, og klubben er med i idrettsrådet i Tysvær og dermed Norges Idrettsforbund.



Søndagssamling 14. november. Ein av deltakarane hadde bursdag, og fekk overlevert ei flott kake med lys av danselærer Wendy Herbert Riber.

Dei som er medlemmer i klubben er frå 4 år og oppover. Klubben har i år hatt 89 aktive medlemmer, men heile tida er det både ny tilgang og avgang. For tida er det 53 aktive medlemmer, av desse dansar 39 i konkurranse.



Ein del av dei unge dansarane frå Tysvær og Bokn tar oppstilling til felles trening.

NM og Vestlandsserie

I november i år skal danseklubben i Haugesund ha NM

i flerdans og 5. Runde i Vestlandsserien. Til dette arrangementet har Hegren sportsdanseklubb meldt på til saman 19 par som skal i elden lørdag 20. og søndag 21. november. I tillegg er det eit disco team som skal delta. Dei som blir med er frå 4–26 år. Alle frå Bokn skal vera med på lørdagen.



Foto: Terje Riber

Unge frå Tysvær og Bokn varmar opp før dansen.

Profesjonell danselærer

Det er Wendy Herbert Riber som er trenar for danseklubben. Ho er busett i Tysvær, og er opprinneleg frå England. Ho er utdanna danselærer med medlemskap som trenar og dommar i Norges Danseforbund og andre internasjonale sportsdanseorganisasjonar. Før Hegren sportsdanseklubb vart starta, dreiv ho ein danse- og teaterskule som kalla seg Ny Scene som hadde mange barn og unge, og trente dansetrinn og barneteater.

Samling på Sjonar før NM og Vestlandsserie

Søndag den 14. november hadde Hegren Sportsdanseklubb trening på Sjonar, kor dansarar, foreldre og andre interesserte var samla for å førebu seg til dansetevlingar som skulle gå føre seg i Haugesund helga etterpå.

Wendy Herbert Riber leia det heile, og det var ganske hektisk aktivitet som foregjeikk på parketten på Sjonar denne søndagen.



Også ungdommar er med i danseklubben.

Gjestejakt i Nordland

Mange jegere drømmer om å få oppleve en annen jaktform enn den man tradisjonelt deltar på. I høst gikk drømmen vår i oppfyllelse da vi ble invitert som gjestejegere på Plathes` eiendommer i Nordland.

Eiendommen ligger på Sør Helgeland og har et areal på nærmere 650000 da.

(til sammenligning er Bokn kommune ca. 50.000 da.)

Mellom 90-100 elger felles hvert år på eiendommen.

Som gjestejegere deltok vi på 1 ukes jakt sammen med 5 erfarne jegere og elghunden "Alfa" som var 9 år. Selv om vi alle har lang erfaring som hjortejegere i Bokn, betraktet vi oss som læregutter i elgjaktsammenheng.

Jaktområdet vårt var ca. 40000 mål og fellingskvoten var 5 elger i løpet av uka, -1 okse, 1 eldre ku og 3 ungdyr.

Spenningen var stor den første morgenen vi skulle på "jobb". Nøye planlegging av poster og drev var viktig del av forberedelsene. Alle deltok i rådslagningen inntil jaktlederen tilslutt bestemte opplegget.

Regnet silte ned i morgentimene, men vi merket lite til det mens vi ventet på at storelgen skulle dukke opp på posten. På jaktradioen meldte driverne om ferske elgspor og at "Alfa" hadde teft. Spenningen var merkbar under regnfrakken, men skogens konge tok første runde...

Nytrect bålkafe smakte godt etter våte timer på elgposten og rundt bålet ble det planlagt ny strategi for neste drev lenger inn i villmarka.

Vi ble på nytt plassert i gode posisjoner der elgen sikkert ville komme forbi....

Snart hører vi melding over jaktradioen om at driverne ser tegn etter mye elg og "Alfa" er på spor igjen.

Første elgfall

Plutselig høres et skudd! Var det Ottar som skjøt? Etter noen minutter meldte Ottar over radioen at han hadde felt en "piggokse" - dvs en halvannet-åring. Jaktleder gratulerte Ottar med det første elgfallet og gir samtidig beskjed om at drevet forsetter. Alle må fortsatt sitte på post. Det er flere elg i terrenget.

På posten venter vi i spenning. Kanskje kommer storoksen denne gang? Alle sanser er skjerpet. Bare lyden fra en hakkespett bryter stillheten i skogen og over granåsen svever kongeørna på jakt etter bytte.

Nytt skudd høres i skogen. Det meldes at en av driverne har skutt ei voksen ku som kom springene rett i mot de.

Med 2 felte elger ble jakta avsluttet for dagen.

I "gamle dager" ville det vært et blodslit å trekke elgene fram til skogsvegen, men en moderne "jernhest", som erstattet muskelkraften, tok seg fram i terrenget over myrer, stubber og bratte skrenter med 2 store elger på slep.

På låven ble knivene kvasset for flåing og slakt og

etter kjevekontrollen ble det fastslått at vi hadde felt en eldre okse. Et puslete gevir hadde lurt oss til å tro at det var et ungdyr.

Jakthistorier

Først ut i de seine kveldstimer kunne stolte jegere lene seg tilbake og mimre over dagens strabaser. Av og til dukket det opp språkproblem når historiene gikk som heftigst rundt bordet. Dialekten til de lokale jegerne var en blanding av trøndersk og nordlandsk med innslag av svensk tonefall. Samtidig hadde de problem med å forstå enkelte ord og uttrykk fra boknadialekten.

De neste dagene av jakta fikk være med på 12 forskjellige drev i den flotte villmarka og hver dag felte vi elg. Ingen av oss gjestejegere fikk flere anledninger til å skyte, men vi fikk oppleve at storoksen dukket opp på posten. Heldig for den hadde vi allerede skutt oxen vi hadde på kvoten så forhåpentligvis fant den sin make bak blånene.. Et flott syn var det i alle fall!

Naturopplevelser

Elgjakt og annen jakt handler ikke bare om å skyte dyr. Enten du sitter tålmodig på post eller smyger deg stille gjennom terrenget er det god anledning til å studere dyrelivet.. Storfugl som tiur og orre var vanlig å se hver dag under jakta og en dag var det ganske fascinerende å ligge bare noen meter fra en stor reinsdyrflokk som passerte. Det var visst tam-rein, men for oss var det en kjekk opplevelse likevel å studere flotte reinsbukker på nært hold.


Hytta vi bodde i lå ved et vann som heter Storvatn i Eidevassdraget. Med garn og båt tilgjengelig var det fristende å prøve fiskelykken også. Kanskje kunne vi skaffe en god fiskemiddag..

Resultatet uteble ikke. Fangsten ble over 50 flotte røyer og noen aurer. Kokken fråstet i flotte råvarer og disket opp med stekt røye med rømmesaus til middag. Herlig!

Å delta som "gjestejeger" er en fin måte å lære jakt på og bli kjent i et terreng. Det stiller også krav til både gjester og vertskap å bo en uke under samme tak i en hytte. Stemmer ikke kjemien mellom deltakerne kan det fort bli litt gnisninger etter hvert som dagene går, men vi klarte oss svært bra sammen med nordlendingene og ble invitert tilbake. De syntes vi hadde vært gode medhjelpere og vi opplevde vertene som et fantastisk jaktteam.

Og prisen? Vi kunne kjøpt mye elgkjøtt hos Lundal og kanskje hatt råd til en sydenreise i tillegg, men de gode minnene ligger i "sekken" for alltid og gode minner kan være lønnsomt å ta med seg, ikke sant...

Ståle Trosnavåg, Ottar Borgenvik, Hans Faye



To skipsuhell med tre dagers mellomrom ved Våga


Sigvart Våga

Datoane for dette veit me fordi kona mi, som var frå Austre Bokn, førde dagbok og har notert det der. Ellers hugsar vel eg hendinga best som var nærast.

Natta til laurdag 14. oktober 1944 grunnstøytte ein tysk båt på "Roetedna" det er det sørligaste skjeret av øygruppa på Falkeidflæet, rett aust for Vågholmen. Det er fyrlykt her no, men den gongen var det heilt mørkt. Radar hadde dei jo heller ikkje. Samanlikna med båtane som går forbi her no til Kårstø var vel båten liten, men var den gongen rekna for stor, det vart sagt den var på 8000 tonn. Den var lasta med kol.

D/s "Saude"

Foto: Stavanger sjøfartsmuseum



Det var fint vær den dagen og der kom snart ein del mindre fartøy til. Var vel meininga å lasta kol, men det lukkast ikkje. Det er jo grundt utover her. Frå "Fjedle", bergryggen aust for heimboen i Våga, var der god oversikt. Naboguten, Peder og eg, 11 og 12 år, var komne i storskulen og hadde fri på laurdag, så me kunne bruke mykje tid med kikkerten.

Dagen etterpå var det retteleg ruskever, med stor sjø og havdrag. Båten vart bridd på tvers, fekk stor slagside, og sjøen rauk over heile skipet. Det var mest eit under at den ikkje brakk sund. Men skulle dei få den av måtte dei kvitte seg med det meste av kolet. Det må ha vore vanskeleg i det været, men det lukkast. Og båten kom seg flytande til Koparvik.

Kol

Så kom det historiske, kolgruve i Bokn. Med det same var det berre eit par meter ned til toppen av dungen, dei fyste som var der sette færingssår ned-på. Det ryktast sjølv sagt fort at her var godt brenne å finna, og på fine verdagar var det ein liten fiskeflåte.

Det vart laga mange slags reidskap, håvar. Ein måtte dra oppi håven i motbakke på koldungen, og måtte samarbeide på to båtar for å få dra håven ut.

Elias, far til Peder og far min hadde ein motorbåt i lag. Den drog dei på kolgraving med, johannes, bror til Elias var og med. Båten var ikkje så stor, den lasta ikkje stort meir enn 20 hl. Eg trur dei

lasta den tre gonger.

Peder og eg hadde ikkje fått vore med, men så ein dag fann me på å ro ut, det må jo ha tatt mest ein time. Komne fram gjekk me om bord i Sunda, dei litt eldre hugsar den, men for dei heilt unge, ei skøyte frå Alvestadkroken. Johannes var om bord der å drog i håven, medan far og Elias drog den attende og opp i båten.

Me ville bytte med Johannes å dra i, han sette i ein god lått, han hadde lite tru på at det kunne verta Noko særleg av, men me fekk no prøva. Litt hadde det nok vorte, men lukka står den kjekeke bi.

Magnus, skipperen på Sunda tykte der var blitt vel grundt og forhala litt gjekk attover. Me oppfatta dette og tok tørt rundt vantet, tauet held, håven var full og dei i båten greidde ikkje på noko vis å få den inn i båten, men måtte ha hjelp av to andre mann frå ein anna båt. Undringa var stor, for der var visst ingen som hadde sett samanhengen..

Så eit haleheng, sidan me var så godt forsynte med kol, fekk Peder og eg i oppgåve av læraren vår å skaffe kol til juletreffesten. Me fylte godt oppi ein jutesekk, skulle ikkje vera knuslete. Sekken vart bunnen på ein kjelke og unghestane spente seg føre. Det var veldig kaldt og mykje snø med svære fenner, brøyting hadde jo ingen høyrte om. Det vart ein strevsam tur, men fram kom me og kolet varma godt både etter vegen og i omnen.


Nattruta på feil kurs

Den mest stabile kommunikasjon me hadde i fleire generasjonar var nattruta, trafikert av to båtar, der den eine gjekk frå Stavanger, den andre frå Bergen, kvar kveld kl. 21.00. Det veit alle eldre boknerar, men ikkje dei unge eller tilflytte.

Under krigen, i alle fall i ein del av den fekk dei ikkje lov å gå om natta grunna miner og sløkte fyrlykter. Det vart dagrute, men fortsatt omtala som "Nattrutå".

Tirsdag 17. okt. 1944 var det DS "Saude" som var rutebåt. Den ville prøve Vågholmsundet i staden for å gå sørom Vågholmen. I det nordre kunne nok dette lukkast, men i det søre var det heilt uråd, difor måtte det enda med at båten gjekk på grunn. Den fekk liten skade, men det var vel ikkje så godt å vete med det same så livbåtane vart straks sette på vatnet og folke sette på næraste land, og det var ved Humraparken.

Dei gjekk over holmen og braut seg inn på sjøhuset. Det var låst den gongen. Sjølv om det var bra vær var det no hausten, så litt ly kunne komme vel med. Det var heller ingen skog den gongen, ikkje planta ein gong. Dei fyrste plantene vart sette seks år seinare. Ein skulle tru at det hadde vore enklast å sett folk direkte i land på Våga, men då dei hadde fått ein livbåt rundt holmen vart ein del av dei ført over sundet.



Me kan hoppe litt til sides og attende i tid, til den gong der budde folk i holmen og var stor verksemd. Då rodde ein folk over både til og frå. Landet er bratt på nordsida og ikkje så godt å leggja frå seg båt, ikkje så svært godt å gå på land heller for det mestem, men der er ein stor klove der det høvde godt å skota færingen borti.

Det var oftast tenestejenter som vart skyssa over og staden vart heitande "Tausaklemmås". Vidare på vegen til Våga vart den lågaste og mest laglege sta den å komme over bergbråtet, heitande "Kjeringstien" så der var vel ein del meir vaksne kvinner og som vandra i denne ruta.

Telefon

Det var her langs den gamle ferdavegen ein del av dei skibbrudne kom til bygdars. Fyrst styrmannen, springande, andpusten og forkava. Han tykte vel det såg litt merkeleg ut at ein mann i uniform kom springande nedover bøen, det var jo i krigen og. Så han ropa på lang avstand til mor mi som var i tunet, og så kven han var og at han måtte få låne telefon.

No var det berre det at der fanst ingen telefon i Våga den gongen, det næraste ein kunne finne eit slikt vidunder var på handelslaget, dit var det tre kilometer, og han hadde fått nok med det han hadde sprunge, så det måtte verte hesteskyss.

Det er litt rart å tenkje på no når mest alle har mobiltelefon i lomma, at det då ikkje eingong var radiotelefon på natruta, men det var vel gjerne ikkje lov heller. Men vanlig telefon var no lov på land, det var berre det at folk flest hadde ikkje.

Eg trur det kom skøyte frå Alvestadkroken og henta folk i holmen så eindel kom dit for natta, men dei som kom i hælende på styrmannen overnatta i Våga. Der var fem hjå oss. Eg hugsar særleg to av dei, ein tidligare sjømann frå Karmøy. Han skrøyte svært om alt han hadde vore med på, skulle vel imponere fyrst og fremst meg. Eg drog no mykje av det i tvil, det gjer eg fortsatt.

Så ei gamal dame. Reint olding tykte eg, ho var vel i den alder eg er no. Ho hadde fått det slik for seg at båten var skoten i senk, det ville ho ikkje gi seg på same kva me sa. Om det var skøyte eller taubåt som fekk båten av veit eg ikkje, det var jo snart mørkt og. Men om morgonen då me kom på skulen låg båten i Alvestadkroken. Den gjekk derfrå til Tåganes, det er vel einaste gongen stadene har hatt anløp av natruta.

Me var på skulen, men då "Staude" forlet Alvestadkroken med kurs for Austre Bokn fekk no skule vere skuld, då sprang me til kaien og alle overnattingsgjestene kom med hesteskyss. Sikkert ein minnerik tur.

"Saude" var bygd i 1897, var 130 fot lang og 21 brei, den fekk då namnet "Stavanger" som den heitte til 1914 då ein ny og større "Stavanger" vart bygd. Og då sett inn i natruta då fekk den namnet "Saude" og gjekk helst i Ryfylket.

Den vart ikkje gamal etter den hendinga her hjå oss. Mindre enn ein måned etter på den 13. november kolliderte den med ein tysk ubåt i Vatilestraumen og sokk på seks minutt, men alle folka kom seg i livbåtane og vart berga.

Bokn skule er framleis med i Comeniusprosjektet Catch IT. Prosjektet er som tidlegare nemnd del av EU sitt utdanningsprogram Sokrates.

Me er no inne i siste prosjektåret, og som del av planlegginga reiste fire elevar og to lærarar til Lurgan, ein liten by i Nord-Irland. Her ligg samarbeidsskulen vår, St. Mary's High School.

Nedanfor kan de lese utdrag frå **Audhild Sæbø** og **Natalie Grønnestad** sine dagbøker frå reisa. I tillegg var **Kjetil Vatnaland** og **Linn Sæbø** med på reisa.

Les meir om prosjektet på nye heimesider:
<http://avis.skolenettet.no/catchit>

Natalie og Audhild sine dagbøker:

Reisedagen:

Venke og Sigve køyrde meg (Natalie) og Audhild til Helganes. Liss køyrde Kjetil og Linn. Dagen begynte tidleg. Den starta faktisk kl. 05:00 fordi me måtte køyra frå heimen kl. 06:00. Det var ein tidleg start på dagen det. Men me klarte nå å komma i tide til flyplassen. Me måtte vera der kl. 07:00 for me måtte vera der ein time før flyet gjekk.



Dei 4 elevane som var med på turen Kjetil, Audhild, Natalie og Linn.

Flyet til Oslo gjekk kl. 07:50 så me var ganske så klar. Men det som er så typisk er at lærarane kom litt seint, for dei trur dei har så god tid. Men dei kom nå til slutt og tok seg ein kaffi før me gjekk inn på flyet og var klar til å reise.


I Oslo måtte me vente 2 timar til neste fly. Det var det flyet som gjekk til London's største flyplass. Så måtte me vente 3 timar i London før flyet til Belfast gjekk.

Ja, så var me komne til Belfast og då var det bare å komme seg inni ein buss til skulen der me skulle treffe "host"- familien. Me var veldig spente! Så var me framme og der gjekk me til kvar og ein familie.

Der eg og Audhild budde var dei 4 i familien. Mammen Lurane, pappen Adrian, dottera Rebecca (Becky) på 13 år og sonen Max på 11 år. Det var ein snill familie. Me hadde det ganske kjekt hos dei i alle fall.

Dag 1: 15-09-04

I dag var me på den skulen me skulle vera på, St. Mary's school. Det var den katolske jenteskulen i byen. Den var ganske stor og gammal.



På skulen blei me møtt av denne plakaten der me fann Bokn skule.



Tre jenter frå St.Mary's i flotte, fargerike draktar, viste oss irsk tradisjonell dans. Dette var verkeleg ei

Me utlendingar fekk lære ein dans som me igjen lærer vidare til ungdomsskuleelevane her på Bokn. Det kan vere me har oppvisning på juleavslutninga.

Alle elevane måtte gå i uniformar, dei var blå. Skulen begynte kl. 09:00 og slutta kl. 15:30. På skulen var me med Catch-IT gruppene og blei kjende med kvarandre. Det var ganske løye. Bl.a. så skreiv me spørsmål om sunnhet ("wellness"). Spørsmåla skal me bruke når me kjem heim til Bokn. Dei andre elevane skal bruke spørsmåla på sine skular, og så skal me samanlikne svara på internettsidene våre.


Fredag 17. september:

I dag var dei som er med i Catch-IT prosjektet frå dei forskjellige landa til Belfast. Me køyrde med tog frå Lurgan ca. kl. 09:30.

Då me kom til Belfast så blei me vist rundt i byen. Me blei fortalt om borgarkrigen/religionskrigen og me blei fortalt om masse anna også.



Langs gatene i Belfast kunne ein sjå mange veggmalier med eit politisk budskap. Dette er eit av dei nyaste.



Mange stader var det skrive inn korte meldingar, fredsbodskap eller anna. Td. "We believe in the same god, why do we fight". Her står Stein Magnar og les!



Oversikt over Giants Causeway.

Då me hadde blitt vist rundt i byen så var me på Burger King og spiste før me shoppa i byen i Belfast. Me hadde det kjekt der. Så blei klokka så masse at me måtte gå og møta dei andre.

Då alle hadde komme så gjekk me til togstasjonen igjen kl. 16:00. Det tok ca. ein halv time med tog kvar veg.

Tilbake til Lurgan igjen så var det noen som blei henta av vertsfamiliane og noen som blei kjørt heim av dei irske lærarane.

Lørdag 18. september

Då var alle på tur til kysten nord i Nord Irland. Me skulle sjå på ein plass som heiter Giants Causeway. Giants Causeway er nokre stein-/klippeformasjonar heilt ute i havgapet. Dei aller fleste engelske lærebøker har tekstar og bilete frå denne staden, så det var kjekt å få sjå i verkelegheita.



Ein annan dag var me på tur til Ulster American Folk-park. Dette er ein svær park/museum som viser historia til den irske utvandringa til USA.

Her er alle samla: Frå Noreg, Sverige, Tyskland, Tsjekkia og Nord Irland.

Høgtideleg og gripande dåp




Dette er vesle Adrian Alvestad, son av Therese Fimrythe og Audun Alvestad. Audun døydde på tragisk måte i Belgia i fjor vinter kort tid etter han hadde fått veta han skulle bli far for fyrste gong.

På K.N.M Måløy, der Audun var løytnant, hadde mannskapet tatt ned skipsklokka, pussa ho som gull, og brukt ho som døypefont i ein høgtideleg dåp i Haakonsvern kirke. Ein del av mannskapet til Audun var til stades ved dåpen.

Namnet til Adrian var gravert på klokka. Ho blei sett på plass på båten igjen som eit minne etter Audun.

Øverst frå dåpen i Haakonsvern kirke.

Nederst på Bokn sjukestove: Adrian på sitt fyrste besøk hos oldemor Louise Svendsen (87) og tanta til faren, Gudny Sæbø



Kulturkalenderen - nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong

- daglege oppdateringar i nettutgåva -

NOVEMBER

28. Julegranstenning. Arrangementsstart på skulen kl. 16.30 - sjå s. 26, arr. Bokn Røde Kors Hjelpekorps

28. Lysmesse i Bokn Kyrkje kl. 19.00
 30. Formannskapsmøte
 30. Grautfest på skulen 18.00 - arr. Speidaren

17. Julekonsert i kyrkja
 19. Juletreffest på Bedehuset kl. 15.00
 24. Gudsteneste kl. 14.00
 26. Gudsteneste kl. 11.00
 28. Juletreffest på Bedehuset kl. 19.00.
 Arr. Frelsesarmèen/Bedehusstyret
 31. Gudsteneste kl. 16.00

DESEMBER

01. Alpha på Bedehuset
 03. Intimkonsert kl. 20.00 i Bokn kyrkje med Christina Bjordal og gitarist. Norske songar med tilknytting til jula - **sjå s. 25**
 09. Konfirmantar på Bedehuset
 11. Juleball for ungdom
 12. Luciafest, arr. Bokn musikkorps
 14. Kommunestyremøte

GYMSALTIMEPLAN, KVELD

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Mån	Fotball 6.-8. kl. Bokn Musikkorps	16.30 - 17.45 18.00 - 22.00	Arild Nilssen Ove Alvstad
Ons	Fotball 4./5. kl.	17.00 - 18.00	Linda Beate Sørdal
Tor	Fotball 2./3. kl. Volleyball, ungdom Volleyball, vaksne	18.00 - 19.00 19.00 - 20.00 20.00 - 22.00	Leif Kjellesvik Atle Jøsang Atle Jøsang
Fre	Fotball	19.00 - 20.30	Gunnar Solberg

Ein dyrekjær lesar oppfordrar folk som vil skaffa seg kjæledyr om å tenka seg godt om, og har sendt oss eit dikt som passar godt etter "kattehausten" i Alvstadkroken:

En hjemløs katts skjebne

*To øyne fylt av angst,
 en kropp så mager og liten.
 Enda en dag uten fangst,
 blitt skremt og jaget.*

*Under en busk sitter en katt og gråter.
 Tenker tilbake på sitt ettårige liv,
 for der var varme, kjærlighet og seng -
 skåler med mat, en mor og glede.
 Tårene triller, kreftene forsvinner og
 kulden biter seg fast langt inn i hjertet.*

*Neste dag ser en mann en bylt i snøen.
 Ingen bevegelse, intet liv.
 Ingen ser den, ingen savner den.
 En liten bylt har gått til hvile i en verden av godhet....*


HUSK DETTE HVIS DU SKAFFER DEG EIT KJÆLEDYR.

**Me gratulerer!**

Bygdabladet presenterer små og store jubilarer.
 Send inn papirbilde eller digitalt bilde på e-post saman med ein liten tekst.

Marianne Sunde fyller 9 år den 25. november.

Gratulerer med dagen!



Håper du får ein fin dag.

Mange klemmer fra
 mamma, pappa og Marius.

Erfaringer og gode råd fra barn

Når din far er sint og spør deg:
 «Tror du jeg er dum??», så ikke svar ham. (Heather, 16 år)

Aldri fortell din mor at slankekur
 ikke virker. (Michael, 14 år)

Ikke ert din søster når hun holder
 en hammer. (Joel, 12 år)

Når du har fått dårlige karakterer
 på skolen, vis dem til din mor når
 hun snakker i telefonen. (Alysha,
 13 år)

Spytt aldri når du kjører Berg-og-
 Dalbane. (Scott, 11 år)

Lytt din din hjerne. Den har en
 masse informasjon. (Chelsey, 7 år)

Når du vil ha noe dyrt, spør dine
 besteforeldre. (Matthew, 12 år)



VELKOMMEN TIL BIBLIOTEKET

Opningstider:

Tirsdag	09.00 – 13.30
Onsdag	16.00 – 19.00
Torsdag	09.00 – 13.30

Tlf. 52 75 25 45

EP: lognoey@bokn.kommune.noSøk i katalogen
www.bokn.folkebibl.no

Bamsens dag 2004

Eit av dei faste årlege arrangementa på biblioteket er feiringa av Teddybjørnens dag.

Dette året vart dagen feira torsdag 28. oktober.

Born i alderen 3 - 5 år var inviterte saman med bamsen eller kosedyret sitt, og over 30 stk. møtte opp til bamsens bursdagsfest.

Ingjerd Ellingsen hadde ei koselig eventyrstund saman med ungane.


Etterpå var det bursdagssong for bamsen, og for Emilie som feira bursdag denne dagen.

Gjestene fekk servert boller og saft, og sjølvsaft var det gotteri.

Tusen takk til Bokn handelslag som spanderte bamsemums og seigmenner!



PÅ BIBLIOTEKET FINN DU IDEAR TIL JULEHOBBY OG KOSELIGE BØKER TIL ADVENTSTIDA.



Har du **VIDEO-FILMAR** som du ikkje lenger vil tørka støv av, eller er du gått over til DVD?

Biblioteket tar med glede i mot barne- og familiefilmar.

Forleng lånetiden selv og få meldinger som e-post!

Se etter:



Villkattane i Alvestadkroken

16 villkattar frå Alvestadkroken blei avliva då veterinæranane Gil og Skadsem frå Aksdal dyreklinikk var i Bokn 26. og 27. oktober i samband med katteoppoppinga.

Nesten alle kattane var sjuke og dei fleste var hoer.

Unni Høivik ved seksjon teknisk seier til Bygdabladet at prosjektet var vellukka. Samstundes oppfordrar ho folk som har katt til å sterilisera eller kastrera kjæledyra sine.

Bygdabladet har grunn til å tru at det ikkje berre er Alvestadkroken som har et slikt problem, og Unni kan t.d. opplysa om at folk frå Kro har tatt kontakt.

Teknisk vil eventuelt vurdere om fleire slike tiltak skal settast inn i Kro eller andre stader i kommunen.

Nye tider

Ein farlige presidents har de nye tider skapt
Den så ikkje har våpenmakt har allerede tapt
Du må dansa itte pibå te de store eller dø
frykten den e store for sjøl den sterkaste kan blø

USA går foran med et skrekkens eksempel
Bombene holde takten te militærmaskinens stempel
Mod flyå kan bare ein rasande neve rekkast opp
Ydmykhet og hat vil ikkje minka men nå ein nye topp

Kan dåkker ikkje bare gjer så me seie
det e det besta for adle ikkje ver så leie
husk at det e alltid me så vett best
å leva livet i vesten e ein lange fest

ikkje forstyrr oss når me komme å tar
Det er desverre ikkje nok det me har
slepp oss te så ska du få se
te slutt ska nok dokker og få ver med

Kjetil Hamre



Alle kommunar skal i løpet av 2004/2005 delta i arbeidet med utarbeiding av forslag til ein ny kommunestruktur som skal sikra at landet får robuste kommunar som kan dekkja innbyggjaranes sine framtidige behov.

Kva skjer i Rogaland - hovedfasar i arbeidet

Arbeidet er oppdelt i 6 forskjellige fasar, der fase 1, 2 og 3 no er gjennomført. Ein er midt oppe i arbeidet med fase 4, mens fase 5 og 6 skal gjennomførast i 2005.

Fase 1: Oppstart:

Det er gjennomført ei vellykka oppstartssamling for alle kommunane.

Fase 2: Mål og vurderingskriterium:

Det er arbeidd ut forslag til kva mål og oppgaver som er viktigast for framtidens kommunar.

Fase 3: Framtidsbilde:

Det er utarbeidd eit notat med forslag til framtidsbilde som skal utredast vidare.

Fase 4: Vurdering av framtidsbilde:

Eit utvald utredningsmiljø gjennomfører no ei objektiv vurdering av dei framtidsbildene som er konstruerte.

Fase 5: Lokalpolitisk behandling:

Alle kommunar skal ta stilling til dei utreda framtidsbildene i løpet av mars-mai 2005.

Fase 6: Oppsummering og anbefaling:

Styringsgruppa i Rogaland skal foreta ei oppsummering av kommunane sine uttalelsar, og foreta ei anbefaling i forhold til vidare arbeid sentralt i KS og kommande utarbeiding og behandling av stortingsmeldinga om framtidens kommunar.

Prinsipp for mulige framtidsbilde?

På bakgrunn av dei samlingane ein har hatt i fylket, er det blitt utarbeidd framlegg til 4 mulige framtidsbilde som grunnlag for det vidare arbeidet.

1. Dagens kommunar – gjennomgåås på lik linje med øvrige framtidsbilde for å synleggjere mulige gevinstar ved ei endra struktur
2. Kjernekommunen – sikring av lokal tilhørighet og identitet for dei minste kommunane ved å sette desse i stand til å ivareta kjerneoppgåver – mens ein erkjenner at større kommunar må ivareta samfunnsoppgåver og spesialiserte tenester
3. Senterkommunen – dagens sentre som utgangspunkt for robuste kommunar som den viktigaste leverandør av noverande og framtidige tenester
4. Regionkommunen – med et felles arbeids-, bu- og serviceområde for å styrke kommunen si rolle som samfunnsutviklar og evne til å overta fylkeskommunale og statlige oppgåver

Kva skjer i Bokn kommune?

Kommunestyret i Bokn har gitt si tilslutning til at kommunen skal delta i det arbeidet som no blir gjort i Rogaland om framtidig kommunestruktur.

Vidare har kommunestyra i Bokn og Tysvær gjort vedtak om at det skal vurderast å utarbeide ein konsekvensanalyse som kan seie noko om kva det vil medføre å slå saman Bokn og Tysvær til ein kommune.

Med utgangspunkt i kommunestyra sine vedtak blir det lagt fram eit felles forslag i dei to kommunane om utarbeiding av ein eventuell konsekvensanalyse. Dette forslaget vil bli lagt fram for politisk behandling i Tysvær og Bokn i vår/vinter 2005.

Dersom kommunestyra vedtek at det skal søkast om midlar frå kommunaldepartementet om utarbeiding av ein konsekvensanalyse, fårutsettes det at kommunen bind seg til å avhalde ein rådgjevande folkeavstemming om kommunesamanslutning.

Proessen som no er innleia mellom Tysvær og Bokn vil gå parallelt med det store kommunestrukturprosjektet som gjeld heile landet.

Ikkje utan tvang

Skal ein tru meningsmålingane på nettutgåva, der spørsmålet akkurat no er om folk er for eller imot ein ev. kommunesamanslåing mellom Bokn og Tysvær, så går det klart fram at boknaren er imot. Mellom 88 og 90% av dei røystande har stemt nei til dette, og slik har det vore omtrent heile tida målinga har ligge på sida.

No skal det opplysast om at same personen kan røysta ein gong i døgeret, dessutan er nok ikkje alle som avgir stemma si fastbuande i Bokn, men ein får ein peikepinn.

Det verkar som om folk er meir for ein storkommune på Haugalandet dersom det blir kommunesamanslåing. Eg minner om forrige meningsmåling der 70% var for Haugaland kommune.


Denne prosessen varar i fleire år, og det hadde vore morsamt å stilt dei same spørsmåla om ei tid, når ting kjem meir på plass.

Eg inviterer framleis lesarar til å koma med meiningane sine i bladet framover - med forbehold om nedlegging.

- redaktøren -

Kommunejordmor i Bokn

Gunn Grønnestad



No er det opp til boknarane å stelle seg slik at ein kan gjere seg nytte av nyordninga!

For omtrent 10 år sidan kom bestemmelsen om at alle kommunar skulle ha tilsett jordmor for å ta seg av Svangerskapsomsorgen for innbyggjarane. No har

vi endelig klart å få tilsett jordmor i den 10 % stillinga som vart oppretta.

Jordmora heiter Bodil Ljones Auestad og har lang erfaring i yrket. Ho arbeider i halv stilling som kommunejordmor i Karmøy kommune, og skal fortsette med det. For Bokn er det ein god kombinasjon, sidan stillingsandelen her er liten, og det alltid er krevande å halde seg fagleg oppdatert.

Tilbodet om svangerskapsomsorg gjeld alle innbyggjarar i Bokn kommune – ikkje berre dei som har fastlege i Bokn.

Kommunejordmor skal ta seg av svangerskapskontrollane. Då utfører ho dei vanlege kontrollane av blodtrykk, urinprøver, lytte på fosterlyden osv.

I tillegg sett jordmor alltid av GOD TID til informasjon, veiledning og til å svare på spørsmål angående det å vere gravid, skulle føde og amme, og det å bli foreldre.

Ho kan gi prevensjonsveiledning til enkler eller par i alle aldre. Jordmor kan tilby samtale og veiledning til kvinner eller par som planlegg graviditet: Er det spesielle medisiner ein skal bruke då? Er det spesielle ting ein skal vere forsiktig med eller ta hensyn til då?

Oddetalsveker

Bodil starta opp i Bokn mandag den 15. november, og vil arbeida mandagar i oddetalsveker.

Ho vil halda til på legekantoret, og du kan ringe helsesøster for timebestilling mandag, tirsdag og fredag. I tillegg kan du sjølsagt bestille time hos henne direkte dei dagane ho er i Bokn.

Vi ønsker Bodil velkommen som medarbeidar i kommunen.

Bokn legekantor

Gunn Grønnestad

I tidlegare utgåver av Bygdabladet har vi lova å koma attende med orientering om drifta ved Bokn legekantor. Det er påkreve og grunna utilstrekkeleg drift ein periode, noko som vi arbeider med å få retta opp.

Bokn kommune har i mange år hatt ein skriftleg samarbeidsavtale med Tysvær kommune om felles legestilling. Tysvær kommune er arbeidsgjevar for legen, og nyttar 40 % av stillinga. 60 % (3 dagar) av stillinga høyrer til Bokn, og skal nyttast med 2 dagar til pasientmottak og 1 dag til tilsynslege ved sjukestova/helsestasjon/kommunelegearbeid.

Då noverande lege vart tilsett, fekk ho ein avtale med Tysvær om 40 % i Bokn. Dette samsvarar ikkje med avtalen vi har, og resultatet har vore ein

uakseptabel driftssituasjon, med for lang ventetid for dei som har fastlege i Bokn.

Vi har hevda Bokn sine rettigheter overfor samarbeidskommunen, og kome fram til ei midlertidig løysing.

Lars Johan Lysen skal fram til 15. februar fungera som kommunelege i Bokn, og vere her på mandag ettermiddag. Elisabeth Mattson skal vere her tirsdag og torsdag, begge dagar med pasientmottak. Parallelt vert det arbeidd med å få til ei permanent løysing.

Sjukepleiarane som skal betene forkantoret vert Anette Våga og Aud Larsen.

Vi beklager situasjonen som har oppstått, og at brukarar av legekantorat har vore nødt til å reisa til Aksdal for å få tenestene dei har krav på i Bokn. Vi rekner med at situasjonen no stabiliserer seg i løpet av kort tid, og at vi kan få til ei løysing som kan fungere på lengre sikt.

Erfaringer og gode råd fra barn

Ha på deg hatt når du mater måker.
(Rocky, 9 år)

Sov i klærne, og du våkner ferdig påkledd om morgenen. (Stephanie, 8 år)

Ikke dra ned på do når din far dusjer.
(Lamar, 10 år)

Ikke spør om ting som koster mer enn 50 kroner. (Carrol, 9 år)

Ikke bli så mett at du ikke orker desserten.
(Kelly, 10 år)

Bokn formannskap

Møte 28.09.04

Sak nr. 113/04 **Saktittel** UTLEIGE INDUSTRIBYGG I KNARHOLMEN

Formannskapet vedtok: Formannskapet tok råd-
mannen si orientering om arbeidet med utleige av
industribygg i Knarholmen til etterretning.

114/04 LØYVING TV-AKSJONEN 2005.

Formannskapet vedtok:

Formannskapet vedtok å løyve kr 10,- pr. innbygger,
avrundet til kr 8.000 til TV-aksjonen 2004.

119/04 Tilskott til veldedige formål utanfor Bokn.

Formannskapet vedtok:

Formannskapet vedtok å gi ordføraren fullmakt til å
løyva inntil kr 15.000 pr. år i samband med landsom-
fattande innsamlingsaksjonar etter store internasjonale
katastrofar, krig og ulykker.

Møte 26.10.04

Sak nr. 121/04 **Saktittel** VIDEREFØRING AV KOMMUNAL VANN-
LEDNING TIL VÅGA

Formannskapet sitt vedtak:

Formannskapet vedtok at forslag til videreføring av
vannledning må innarbeides som forslag til
investeringar i budsjettet og eventuelt vedtas i bud-
sjettet for 2005.

122/04 OVERFORMYNDERIET I BOKN
01.01.2004 - 31.12.2007.

Formannskapet sitt vedtak:

Formannskapet vedtok at Norunn Jordbrekk blir for-
retningsfører i overformynderiet i Bokn i inneværende
periode. Etter 1. varamann til overformynderiet, Arne
Hosaas, blei 2. varamann vald som er Ann Jeanette
Sunde Olaussen.

123/04 UTLEIGE LOKALER TIDL. BOKN FISKE-
MOTTAK

Formannskapet sitt vedtak:

Formannskapet vedtok å leige ut deler av kommunen
sitt næringsbygg i Knarholmen til Grieg Seafood AS.

124/04 NÆRINGSSAKER/ARBEID - 2004.

Formannskapet sitt vedtak:

Ordførar orienterte om næringsarbeidet som pågår

nå..

Formannskapet blei enige om å starta ein prosess for
å få omreg. Knarholmen fiskerihavn til anna formål enn
kun fiskeriforedling.

125/04 UTLEIGE NÆRINGSAREAL.

Formannskapet sitt vedtak

Formannskapet vedtok å leige ut 4 mål næringstomt i
Knarholmen industriområdet til Johannes Handeland.

Bokn kommunestyre

Møte 12.10.04

Sak nr. 059/04 – 072/04 og **Saktittel**

079/04 SERVICEERKLÆRINGER FOR SEKSJON
TEKNISK SINE TENESTER:

Kommunestyret sitt vedtak:

Serviceerklæringene blei vedtatt.
073/04 FAST MØTEDAG FOR FORLIKSRAÐ.

Kommunestyret sitt vedtak:

Fast møtedag for forliksrådet blei vedtatt å vera fyrste
tirsdag i måneden.

074/04 SEKRETÆRFUNKSJONEN FOR KONTROL
LUTVALET FRÅ 01.01.05

Kommunestyret sitt vedtak:

Kommunestyret vedtok å slutta seg til det mål om å
etablera eit felles sekretariat for kontrollkomiteen for
dei kommunane der Haugaland kommunerevisjon i
dag har sekretariatsfunksjonen.

Selskapet skal organiserast som eit interkommunalt
selskap og det skal etablerast med verknad frå
01.07.04. Vidare blei det vedtatt ytterligare 3 punkter
til oraniseringa og Kleng Våga blei vald som medlem
til representantskapet, Helga Alvestad som vara-
medlem.

075/04 TILLEGGSAVTALE 3 TIL AKSJONÆR-
AVTALE - HAUGALAND KRAFT AS

Kommunestyret sitt vedtak:

Kommunestyret vedtok tilleggsavtale 3 til aksjonær-
avtale – Haugaland Kraft.

076/04 ORGANISASJONER OG LAG I BOKN KOM-
MUNE - KOMMUNALT TILSKOT TIL VATN-
OG KLOAKKAVGIFT.

Kommunestyret sitt vedtak:

Kommunestyret vedtok å gi tilskott til organisasjonar og lag i kommunen som etablerer seg med klubbhus eller driftsanlegg som tilknytt kommunalt vatn og/eller kloakkanlegg. Støtten gis som eit kommunalt tilskott med inntil 75 % dekning av dei til ei kvar tid gjeldande satsane for tilknytningsavgiftene for vatn og kloakk.

Tilskottordninga finansieres ved å auke budsjettet for tilknytningsavgifter med eit tilsvarande beløp, som dei tilknytningsavgiftene som vert innkrevd i desse sakene.

077/04 VAL AV NYTT VARAMEDLEM FRÅ SENTER PARTIET TIL FORMANNSKAPET

Kommunestyret sitt vedtak:

Varamenn for Sp i formannskapet blei vald:

1. Osmund Våga, 2. Merete alvestad og 3. Ottar Borgenvik.

078/04 17. MAI - KOMITEE - ORGANISERING

Kommunestyret sitt vedtak:

Kommunestyre valde medlemmer og formenn til 17. mai komite for årene 2005 – 2007. Medlemmer er varsla i eige brev.

Møte 12.10.04

Sak nr. 083/04 **Saktittel** FYLKESDELPLAN FOR AREAL OG TRANS

FRIVILLIGE MANNSKAPER TIL BRANNVESENET

Det er ledig 1 stilling som frivillig mannskap i Bokn brann-og redningsvesen.

Søker må ha førerkort (klasse c vil være en fordel) og være i god fysisk form. Den som blir tilsatt må være villig til å gjennomgå nødvendig opplæring (minimum et brevkurs, røykdykking og førstehjelp).

Tjenesten omfatter 8-10 øvelser/utrykninger pr. år. I tillegg er mannskapene forpliktet til å bære person-søker døgnet rundt når en oppholder seg i kommunen. Det er ikke innført vaktordning.

Tilsettingsvilkår vil ellers være i henhold til gjeldende avtaleverk og at består en helsesjekk for brannmannskaper.

Fast godtgjørsle utgjør for tida kr. 9000,- pr. år. I tillegg blir det betalt for deltakelse på øvelser og utrykninger.

Spørsmål kan rettes til brannsjefen på telefon 52 75 25 05

Søknad må være sendt Bokn kommune innen den 15.12.2004

PORT PÅ HAUGALANDET: HØRING AV FORSLAG TIL UTBYGGINGS- OG FINANSIERINGSPLAN FOR 2006 - 2020.

Kommunestyret sitt vedtak:

Bokn kommunestyre viser til høringsnotatet for ein utbyggings- og finansieringsplan for deler av transportplanen tilknytt Fylkesplan for areal og transport på Haugalandet og slutter seg til framlegget i høringsnotatet.

E 39 er ein vesentleg del av transportsystemet på Haugalandet. E 39 må ses i samanheng med det totale transportsystemet på Vestlandet og E 134 mot Austlandet.

Trafikken på E 39 gjennom Bokn er sterkt aukande samtidig som vegen har vist seg å vere sterkt ulykkesbelastande. I løpet av få år har ein no hatt 7 død-ulykker i tilknytning til E 39 gjennom Bokn kommune.

Kommunestyret ser det som påkrevd at det straks blir satt i verk tiltak som kan utbetre farlege vegstrekningar/ulykkespunkt på E 39 for å auke trafikktryggleiken for trafikkantane.

Fyrst og fremst ser ein det som viktig med eit planfritt kryss for sikker av- og påkjøring der Fylkesvegen krysser E 39 på Vestre Bokn og Austre Bokn for å auke sikkerheten.

på Vestre Bokn. I tillegg må det settast i verk trafikk-sikringstiltak/omlegging av E 39 på Ognøy

Kommunestyret vil på denne bakgrunn be om at det blir vurdert på ny å sette opp ein bomstasjon vest for Vågskrysset slik at viktige trafikk-sikringstiltak på E 39 over Bokn kan tas med i finansieringsplanen.

LEDIG LEILIGHET

Kommunen har følgende leilighet til leie:

Fyrveien:

I kjelleren er det 3 soverom, 1 bod, vaskekjeller, toalett og dusj. Oppe er det 2 soverom, kjøkken, stue og badekar. Husleien er kr 3620,-/mnd.

For spørsmål, kontakt seksjon teknisk, 52 75 25 00

BLANDAKOR?

Me ynskjer å måla interessa for å ha blandakor att i Bokn, for ungdom og vaksne.

Rune Pedersen er klar til oppstart, og me håpar å organisera koret i musikk- og kulturskulen i 2005.

11 damer er påmelde etter annonsa i okt. Fleire interesserte melder seg til kulturkontoret innan 15. desember.

Ekornspeiding-nytt tilbud til småbarnsfamiliar

Tekst: Merete Alvestad - foto: Leiv Våga

Ekornspeiding er leik og læring, kos og fellesskap ute i naturen. Ungar og vaksne opplever i lag skiftingane i årstidene i alt slags vær på ulike stader i nærmiljøet. Gleda over å vera saman og dela naturopplevingar, er det viktigaste for ekornspeidarane.

I januar startar me ei ekornspeidargruppe i Bokn. Ekornspeiding er eit tilbud til familiar med barn mellom 1 og 8 år. Ungane kjem i lag med ein av foreldra eller begge. Eldre søsken kan og vera med, dersom dei har lyst.

Me vil ha møter 8 gonger i året. Kvart møte vil ha eit tema. I vinter skal me ha om strand, stjerner, skog og fiske. Læringsøktene vert korte og aktivitetane passar for små barn. Matpausane vert lange kosestunder, der alle er med og bidrar.

Sjølvsagt skal me vera ekta speidarar, med skjerf og knute. Me lærer oss speidarbøna, speidar-helsinga og har andakt frå familiebibelen.

Det første møtet vert den **16.januar**. Dette vert eit informasjonsmøte, der alle kan komma for å høyra meir om kva ekornspeiding inneber. Me møtest på **den kommunale badeplassen kl. 16.00** (Alvestad nærmiljøanlegg).

Alle møtene vert på søndagar frå 16.00 til 17.30. Den første gongen må alle ta med seg ein kopp å drikka av. **Kjeleadress eller regntøy** er smarte antrekk.



Døme på leik og læring, kos og fellesskap ute i naturen.

Små og store er hjarteleg velkomne!

Politireformen og Bokn

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Olav Rossebø



Kommunestyrerepresentant i Bokn, Kyrre Lindanger (bildet), som også er politibetjent ved Tysvær lensmannskontor, stiller seg tvilande til at politireformen vil føra noko positivt med seg for kommunen.

- At Tysvær lensmannskontor no blir ein filial til Haugesund politistasjon kan medføre at Bokn får ein dårlegare polititeneste enn i dag, fortel boknaren til Bygda-bladet.

- Frå 1. januar neste år skal det dekkast inn minst åtte personar ved ordensavdelinga i Haugesund politistasjon, og kontoret i Aksdal vil forutan lensmannen kanskje berre sita att med tre etterforskarar, mot seks årsverk til saman i dag.

29-åringen er svært skeptisk til den sterke sentraliseringa av polititenestene, der m.a. lensmannen i Tysvær mistar ansvaret for både økonomien, justissaker og personalet sitt.

Men sekretariatet i Aksdal vil bestå fordi Justisdepartementet ikkje kan leggja ned ei driftseining.

Tillit

Sentraliseringa vil føra til at avstanden til politiet aukar. Nye folk vil vera på vakt, folk som ikkje vil få eigarforhold til sakene og ikkje vil ha same kjennskap til publikum.

- Det blir mindre kontakt mellom publikum og politiet i distrikta nå når nærpolitiet blir lagt ned.

Kyrre drar fram den flotte innsatsen Frans Gisle

Hansen har gjort og framleis gjer i Tysvær og Bokn, som eit godt døme på kva som kan gjerast basert på tillit og brei kontaktflate, og då spesielt på den førebyggjande sida.

"Politireformen 2000" er ein av dei store reformane i fornyinga av offentleg sektor, der sjølve reformarbeidet fyrst kom i gong i 2002. Målet var å få fleire politifolk ut i felten, gjera politiet meir synleg i kvardagen til folk. Færre politifolk skulle vera inne på kontorene, og fleire ut i gatene og på landevegen.

Frå 01.01.02 blei antal politidistrikt i landet redusert frå 54 til 27, og Haugesund politidistrikt (inkl. Tysvær lensmannsdistrikt) blei samanslått med lensmannsdistrikta frå Sveio, Etne, Ølen, Stord, Bømlo og Fitjar til Haugaland og Sunnhordland politidistrikt.

Nye driftseiningar

Nå er det fase 2 av reformen som skal iverksettast frå 01.01.05, der driftseiningane blir slått saman.

Kommunestyrerepresentanten stiller seg undrande til at leinga i politidistriktet med opne auge vel å sentralisera politiet enno meir til tross for at både politikarar og publikum har gitt uttrykk for sterk misnøye med ein slik politikk, og med reformen generelt.

Den nye eininga får 15.000 nye innbyggjarar å forhalda seg til. Dette utgjør halvparten av folketalet i Haugesund. Kyrre peikar på utfordringa med å tena eit så stort distrikt med 45.000 personar, for to patruljar som i dag har meir enn nok med Haugesund by.

- Kva skjer dersom det smell i Arsvågen og Valevåg på ein gong, avsluttar ein som i dag er tilsett ved Tysvær lensmannskontor, men som ikkje veit kor han blir plassert etter jul.

SALGSMESSE

Velkommen til salgsmesse lørdag
04.12 på Bokn idrettshus fra kl.
11.00 til 1500.

Disse er til stede:

- Greenhouse (klær)
- Tupperware (utsalg)
- Swipe (rengjøring og hudpleie)
- Volare (kroppspoleie og sminke)
- Zophias (sluttsalg undertøy)
- Frandeli (undertøy ++)
- Alpnaering (krydder)
- Perfekt home (Gaver, interiør)

Velkommen innom for en titt og
en kopp kaffe.

*Hilsen Elisabeth, Ann, Ragnhild,
Torøy, Grethe, Kjersti og Elin*



Tlf: 52 76 50 50
Fax: 52 76 50 51

MILJØVERK IKS

JULEGÅVE?

**Ikkje gje avfall,
gje noko som kan
etast eller arvast.**

BOKN

ETNE

TYSVÆR

VINDAFJORD

ØLEN

TA VARE PÅ NATUREN

VELKOMMEN TIL EIN GOD OG HYGGELIG HANDEL I ALVESTADKROKEN

NORSK TIPPING
DAGLIGVARER
BENSIN OG DIESEL
BANKTERMINAL

ALVESTAD HANDEL AS
ALVESTADKROKEN
5561 BOKN
TLF: 52 74 83 14



Erfaringer og gode råd fra barn

Hvis du skal tegne på veggen
gjør det bak sofaen. (Ukjent)

Spør «hvorfor» helt til du

forstår. (Ukjent)

Hold av en plass i køen for
dine venner (Ukjent)

Hvis du vil ha en katt, begynn

med å spørre om å få en
hest. (Ukjent)

Å re opp sengen er bortkastet
tid. (Ukjent)

Mandag til torsdag
09.00 - 17.00
Tlf. 52 74 83 16

COOP BOKN

Fredag 09.00 - 18.00
Lørdag 09.00 - 14.00

- Dagligvarer
- Bensin-Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk



coop
marked



BJØRN LINDANGER



Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
 - Me formidler båring og skyting.
 - Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk
 - Levering av rør og kummer.
- dumperbiler.



A. OLUFSEN SKIPSSERVICE A.S

AVD. BOKN

Tlf. 52 74 84 60 - Mob. 98 20 90 28

VI UTFØRER ALT INNEN: STÅL · ALUM. · RUSTFRITT · RØR-
ARBEID · MASKINARBEID · HYDR. · TESTING, SERTI-
FISERING AV KRANER · LASTE, LOSSEUTSTYR PÅ SKIP



Det var lenge å være kjærester i 4 uker.
– Nå skal dere ta opp lån over 20 år.

Noen hendelser i livet får store økonomiske konsekvenser. Start BSU-sparing i dag!
Vi finansierer inntil 90% av din bolig hvis du har oppfylt BSU-sparingen, og gir deg bankens gunstigste rente.


Ta kontakt med oss i dag på telefon 02002 eller stikk innom oss i Bokn.

Vit at vi er der.

SpareBank 1 SR-Bank

Byggfirma AS

Kjellesvik og Flatnes



Leif Kjellesvik og Odd Arne Flatnes har
starta Byggfirma og tar alt innen bygg og
vedlikehold. Ring for avtale

Leif tlf. 52 74 86 41 / 40 01 31 71

Odd Arne 95 22 63 65

TILSETT	FUNKSJON	TELEFON	E-POST
	Sentralbord	52 75 25 00	postmottak@bokn.kommune.no
Jan Erik Nygaard	Rådmann	52 75 25 01 - 98 22 15 01	jnygaard@bokn.kommune.no
Solrunn Alvestad	Økonomisjef/personalansvarleg	52 75 25 02 - 98 22 15 02	soa@bokn.kommune.no
Svein Ove Alvestad	Ordfører - ring for avtale	52 75 25 03 - 91 35 40 82	svein@bokn.kommune.no
Reidar Alvestad	Seksjonssjef sosialtjenesten	52 75 25 04 - 98 22 15 04	ralvestad@bokn.kommune.no
Hans Faye	Seksjonssjef teknisk	52 75 25 05 - 98 22 15 05	hfaye@bokn.kommune.no
Unni W W Høivik	Ingeniør	52 75 25 06 - 98 22 15 14	uhoivik@bokn.kommune.no
Leni Mannes	Økonomiavdelinga, rekneskap/løn	52 75 25 07 -	lem@bokn.kommune.no
Lindy Haram	Økonomiavdelinga, skatt/fakturering	52 75 25 09 - 99 53 19 35	lharam@bokn.kommune.no
Jardar Havikbotn	Seksjonssjef kultur	52 75 25 08 - 98 22 15 08	jhavikbotn@bokn.kommune.no
Gro Sørensen	Seksjonssjef servicetorg	52 75 25 10 - 98 22 15 00	gsorensen@bokn.kommune.no
	Telefaks Boknatun	52 75 25 15	
Anny Kallekodt	Pleie- og omsorgssjef	52 75 25 16	anny@bokn.kommune.no
	Bokn sjukestove	52 75 25 30	
	Legevaktsentralen	52 74 85 22	
Gunn Grønnestad	Seksjonssjef helse	52 75 25 34 - 98 22 15 03	ggroennestad@bokn.kommune.no
Miriam Berland	Psykiatrisk sjukepleiar ti./on 8.00 - 15.00	52 75 25 36 - 40 41 10 57 00	
Mandag og torsdag	Legekontor	52 75 25 40	
Rita B. Førland	Open helsestasjon torsd. 08.30 - 11.30	52 75 25 43	rbforland@bokn.kommune.no
Linda Ognøy	Bokn bibliotek	52 75 25 45	lognoey@bokn.kommune.no
Svanhild Alvestad	Kyrkjeverge ti./to. 08.30 - 15.30	52 75 25 47 - 93 41 54 40	salvestad@bokn.kommune.no
Dag Halvorsen	Seksjonssjef skule	52 75 25 50 - 98 22 15 10	dhalvorsen@bokn.kommune.no
Ingjerd Ellingsen	Rektor	52 75 25 51 - 98 22 15 11	iellingsen@bokn.kommune.no
Ranveig Nygaard	Skulefritidsordning	52 75 25 65 (66)	rnygaard@bokn.kommune.no
	Telefaks skulen	52 75 25 67	
Annette Bokneberg	Forkontor, skulen	52 75 25 69	annette@bokn.kommune.no
Inger Grete Wiken	Seksjonssjef barnehage	52 75 25 70 - 98 22 15 12	iwiken@bokn.kommune.no
Anita Knutsen	Tannlegekontor torsdag og fredag	52 75 25 80	

TILBUD STEINFRI SKJELLSAND + høy og halm

Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 150,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

*Kontakt Morten Ullenes,
4150 Rennesøy*

51 72 31 33

900 16 817

Prøv ei annonse i
Bokn Bygdablad

ARSVÅGEN KRO OG GARDSMAT A/S

TLF. 52 74 80 00

gardsmat@online.no

- # Vi leverer snitter, smørbrød, koldtbord og varmmat etter deres ønske
- # Selskapslokaler med god hjemmelaget mat
- # Møtelokaler til alle formål
- # Egenproduserte pølser tuftet på gamle oppskrifter
- # Kjøtt fra storferasen "Aberdeen Angus" - kjent som kanskje verdens beste kjøtt
- # Vi serverer middag alle dager fra kl. 13.00 til 19.00 på Angusloftet.

Åpningstider alle dager 08.30 - 20.30

*VI SATSER PÅ GOD HJEMMELAGET MAT
TIL HVERDAG OG FEST*

AMROCK JV AS

Din lokale leverandør av:

PUKK, SINGEL og GRUS

Utsalg Førre Industriområde
Utsalg Espevik

tlf. 52 77 91 70/400 74 416
tlf. 52 75 42 30

Intimkonsert med

Christina Bjordal

&

Alf Wilhelm Lundberg

fredag 3. desember
kl. 20.00 i Bokn kirke

cc: 100/50 kr.



Hva med å gi Førstehjelps-utstyr til jul?



Bokn Røde Kors Hjelpekorps selger følgende praktiske julegaver:

- **Hard/myk liten førstehjelpskoffert kr. 300,-**

Innholder følgende:

- førstehjelpshefte
- saks
- pinsett
- sikkerhetsnåler
- sårvaskservietter
- øyebadeglass
- saltvannssoppløsning 30 ml
- engangshansker
- munn-til-munn duk
- plasterpakke
- små kompresser
- smalt gasbind
- fingerbandasje
- liten enkelmannspakke

Disse små førstehjelpskoffertene kom på andre plass i test hos TV hjelper deg.

Til sammenligning kan du kjøpe nesten tilsvarende på apotek, men da koster den kr. 550,-

- **Liten førstehjelpspose kr. 100,-**
Inneholder diverse førstehjelpsutstyr
- **Nøkkelringer med munn-til-munn dukke kr. 30,- pr stk**

Interessert?

Kontakt Susanne Pyramidia Grønnestad på tlf. 90 52 96 93

JULEGRANSTENNING

Søndag 28. Nov. er det tid for årets julegrantenning.

Vi starter på skolen kl 16.30.

Granen tennes kl 18.00, og vi avslutter i god tid før lysmessen.

Det blir utlodning av flotte premier, førstehjelps-utstyr, is, leker og hotell-weekend for å nevne noe.

Det blir salg av kaker, kaffe og brus. Se heller ikke bort i fra nissen også kommer innom.

Ta med deg familie og venner til en hyggelig start på adventstiden.

Hilsen Bokn Røde Kors Hjelpekorps

Bork arrangerer JUL I STALLEN på Torland søndag 5. desember.



- Det blir servert grøt og gløgg.
- Utlodning
- Barneridning
- Nissen kommer også!

Inngangspenger kr 30,-.

ALLE ER VELKOMNE!

Hesteknegg fra oss i BORK

JULETRESALG

Tradisjon tru sel Bokn Røde Kors Hjelpekorps juletre i år og. I år har me fått nye leverandør, Liv og Osmund Lund på Stjernerøy. Dei har klassifisert norsk edelgran. Lister er lagt ut på butikkane

Det vil vera mogleg å ta ut/kjøpe tre laurdag 11.12 og 18.12 kl 09.00 – 14.00 i Alvestadkroken. For dei som ønsker det, blir treet kjørt til døra.

Pris er kr 280,-

For telefonting: 98 22 15 14 Unni
99 22 11 23 Kjell Frode

Hilsen Bokn Røde Korps Hjelpekorps

LUCIAFEST

Bokn Musikkorps arrangerer Luciafest på Bokn skule søndag 12. desember kl. 18.30

Det vil bli ein tradisjonell fest med Luciaopptrinn v/4. klasse, musikk både frå aspirantar, skulekorps og brass.

God matøkt med konkurranse og tid til drøs.


Trekning av juleduken.

Alle er hjertelig velkomne til ei koselig førjulsstund saman med oss i musikkorpsset.

Med helsing Bokn Musikkorps

Frå Lucia-festen 2001.

Foto: Kari Hetland



BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.
Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag kl. 09.00 - 15.00
ved fysioterapirommet.

Enkelte andre dagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling tlf. 52 74 84 79

Direkte nr. på tysdagar: 52 75 25 33

Rita Jensen - fotterapeut

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 - 14.30
Telefontid kl. 8.00 - 15.30

Tlf. 52 75 21 50 - Fax. 52 75 21 51

Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.

Ragnhild Ognøy: linjenr. 150

Ingunn Sunde: linjenr. 152

Ingunn Sunde - trygdesjef

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i Boknaton
kl. 9.00 - 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset - jordbrukssjef

DAGSENTERET

Kvar torsdag frå kl. 10.00 - 14.00.

Er du over 70 år og har lyst til å komma og vera i
lag med oss?

Nye 70 åringer er spesielt velkomne.

Påmelding, ring 52 74 83 09

**Julianne Nilssen
aktivitør**

BOKN BYGDABLAD



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for
innlevering av stoff er etter avtale med
redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året.
Eit abonnement kostar kr. 200,- pr. år, gratis
for bortebuande skuleelevar og studentar.

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør

Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08

E-post: jardar@bygdabladet.no

Reidar Alvestad, journalist

Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04

E-post: reidar@bygdabladet.no

Linda Ognøy, medarbeidar

Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82

E-post: linda@bygdabladet.no

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 620,-

Halvsida kr. 380,-

Kvartside kr. 190,-

1/8 side kr. 125,-

Privatann. kr. 40,-

Fastann. etter avtale

www.bygdabladet.no

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 - 15.00.

Vi kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11.

E-post: postmottak@bokn.kommune.no

**Gro A. Sørensen
Seksjonssjef servicetorg**

Stort forsidebilde

Julemesse på vevstova
18. november

Foto: Reidar Alvestad




Julemesse på vevstova

Reidar Alvestad

Kø framfor inngangsdøra

I god tid før kl. 19.00 den 18. november sto det mange forventningsfulle husflidsinteresserte personar framfor inngangsdøra til vevstova. Ein del hadde alt gått inn på sjølve vevstova for å sjå på utstillinga av ferdige og uferdige dukar, tepper og andre produkt. For døra inn til salslokala var lukka heilt fram til klokka sju.



Inne i vevstova var det utstilling med framviste arbeid på vevane.



Frå v Jacob Larsen har fått stor julenisse, medan søstera Linn Sørvåg i midten har kjøpt ein mindre. Sylvia Vatnaland har kjøpt seg fine små mus og anna julepynt som ho held i hendene sine.

Også tilreisande

Totalt var det vel bortimot 40 menneske som var innom messa og utstillinga. Av desse var det folk

både frå Skjoldastraumen og søre del av Tysvær. Dei har eigne vevstover på begge desse stadene, og var interesserte i å sjå korleis vevstova her i Bokn fungerte, og kva dei hadde å visa fram. Mange kjøpte nok julegåver. Det gjekk mykje i vevde bordløparar og golvtepper, nissar, mus, englar og anna julepynt.



Kaffidrøsen høyrer med på vevstova si julemesse.

Medlemmene på vevstova i Bokn er nokså produktive. Det syner dei mange tinga dei hadde å selja, og utstillinga på vevstova.

Godt nøgd

Vevstova er godt nøgd med julemessa. Det kom mykje folk, og dei fekk selt det aller meste av det dei hadde lagt fram. Nokre få løparar er ennå igjen dersom folk er interesserte.

Vevstova i Bokn har 10 medlemmer som går nokså fast på torsdagskveldane, og kanskje var det nå fleire som fatta interesse.

Kaffi og mat høyrer til

Dei fleste nytta høvet til ein drøs i den nordre stova kor det mellom anna vart selt heimebakst og kaffi. Her var det ein god blanding av generasjonar frå dei aller yngste til pensjonistar.

Vevstova har hatt nokre salsutstillingar og arrangement dei siste åra. Dette har dei både for å visa kva dei held på med, og for å få andre interesserte i denne form for husflidsarbeid. Dei har også bidratt med vevde ting som gåver til andre kommunale bygg som mellom anna fellesareale på Boknatun og i dei nye omsorgsbustadene.

Nokre har eigne vevar, dei andre vevane høyrer til folk på bygda. Desse må forsikrast, og noko av inntektene frå ei slik messe går til dette føremålet.